



- Kom til Børnes, der er det plass nok, seier Gunn Mari Moberg. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Felleskjøpet treng meir plass enn dei har i Sandvikslia og leitar etter ei høveleg tomt der dei kan halda til i framtida.

- Børnes i Uskedalen er ideell for dette føremålet og FK-butikken er hjarteleg velkomne til oss, seier Høgrepolitikar Gunn Mari Moberg spontant til uskedalen.no



Butikksjef Stein Olav Ølvestveit har starta jakta på ny tomt. (Foto: Kvinnheringen)

Ho vil allereie i dag ringa til butikksjef Stein Olav Ølvestveit som torsdag kunngjorde i Kvinnheringen at

Felleskjøpet treng meir plass og inviterte dei som har areal å tilby til å ta kontakt.

Dei har trong for eit tomteareal på kring åtte dekar og helst i området Uskedalen-Rosendal, seier butikksjefen. Moberg meiner at det er plass nok i området opp mot riksvegen på Børnes, som også har djupvasskai.

Ølvestveit opplyser at Felleskjøpet berre har att to-tre år av leigekontrakten i Sandvikslia og då er det naturleg å tenkja på kva dei skal gjera når kontraktstida er ute.

På den tida dei har vore der har arealet vorte i minste laget. Kaldlageret er i og for seg stort nok, men dei skulle gjerne ha dobla butikkarealet samstundes som det er trong for meir parkeringsareal og areal til varelevering.

Førebels har dei vore i kontakt med kommunen og nokre eigarar av areal om er regulert i næringsføremål. I utgangspunktet ynskjer dei å eiga arealet sjølve men det kan også vera aktuelt å leiga.

Eit alternativ kan vera å forlengja leigeavtala der dei er no, men der er det små høve for utviding, påpeikar Ølvestveit.

Av Ola Matti Mathisen